

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2014	Formannskapet i Radøy	PS	14.10.2014
014/2014	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	18.11.2014
016/2014	Radøy eldreråd	PS	18.11.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	14/1513	14/10791

Kulturminneplan - Planprogram på høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Formannskapet vedtok i møte 5. juni sak 042/2014 oppstart av arbeid med kulturminneplan for Radøy kommune. I same sak vart det vedtatt at formannskapet skal vera styringsgruppe for planen.

I tråd med planstrategien skal kulturminneplanen ha status som temaplan. For temaplanar er det ikkje krav om å følgja prosesskrava til kommunedelplanar i plan- og bygningslova, men ved å følgja desse opnar ein i større grad opp for brei deltaking og involvering i planprosessen. Det vert difor lagt opp til å følgja desse prosesskrava i planarbeidet, og i tråd med dette er det utarbeidd framlegg til planprogram for kulturminneplanen.

Styringsgruppa hadde møte 4. september 2014 der ein diskuterte innhaldet i planprogrammet og eventuelle satsingsområde. Styringsgruppa understreka at formidling av kulturminne skulle vektleggjast i planarbeidet og i den endelege planen.

Vurdering

Kulturminne er alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø. Omgrepet omfattar også stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Også naturelement med kulturhistorisk verdi er kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne er ikkje-fornybare ressursar og kan ikkje erstattast om dei vert øydelagde. Det er likevel ikkje mogleg og heller ikkje eit mål å ta vare på alt. I staden bør ein sikra eit representativt utval av kulturminne som viser det typiske og særmerkte for kommunen frå ulike epokar, sosiale lag,

næringar og etter ulik byggjeskikk og arkitektur og ein del av dei heilt spesielle kulturminna som kanskje berre fanst eitt eller nokon få av. For å sikra at ein gjer det rette utvalet, er ein kulturminneplan med oversikt og prioritering av kva for kulturminne ein ynskjer å ta vare på eit naudsynt verkty.

Vedlagt planprogram gjer greie for bakgrunnen for planarbeidet, målsetjingar med planen, rammer og føresetnader som ligg til grunn, ressursbehov og organisering av planarbeidet. Når det gjeld innhald i kulturminneplanen, er det lagt opp til at planen skal dekkja heile kommunen og alle

tidsepokar, og at ein dermed i løpet av planprosessen også skal vurderer om bygningar eller andre objekt frå vår tid skal prioriterast i planen. For å avgrensa planarbeidet er det lagt opp til at planen i all hovudsak vert konsentrert om faste, materielle kulturminne, medan immateriell kulturarv og lause kulturminne berre skal omhandlast i mindre grad. Det er ikkje gjort tematiske avgrensingar, utover at ein skal ha fokus på det som er særmerkt for vår kommune eller vårt område.

I framdriftsplanen er det lagt opp til at planprogrammet skal vera vedtatt i løpet av 2014, og at endeleg plan skal vera vedtatt hausten 2016.

Konklusjon

For å sikra brei deltaking i planarbeidet bør kulturminneplanen følgja prosesskrava til kommunedelplanar i plan- og bygningslova, og planprogrammet leggjast ut på høyring i seks veker med 28. november 2014 som frist til å koma med innspel.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune varslar med dette om oppstart av planarbeid og legg samstundes ut framlegg til planprogram for kulturminneplan for Radøy kommune ut på høyring.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-12.

Formannskapet i Radøy - 062/2014

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune varslar med dette om oppstart av planarbeid og legg samstundes ut framlegg til planprogram for kulturminneplan for Radøy kommune ut på høyring.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-12.

Radøy eldreråd - 016/2014

ELD - handsaming:

Rådet drøfta kulturminneplan.

Rådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ELD - vedtak:

Radøy kommune varslar med dette om oppstart av planarbeid og legg samstundes ut framlegg til

planprogram for kulturminneplan for Radøy kommune ut på høyring.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-12.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 014/2014

RMNF - handsaming:

Rådet drøfta kulturplanen.

Rådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

RMNF - vedtak:

Radøy kommune varslar med dette om oppstart av planarbeid og legg samstundes ut framlegg til planprogram for kulturminneplan for Radøy kommune ut på høyring.

Planarbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy kommune 2012-2016.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 11-12.

Vedlegg:

Planprogram - FS 14.10.2014